



Arkivnr: 2014/447-1

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Marianne Ose Askvik, Britt Karen Spjeld, Elizabeth Warren

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.01.2014

Retningslinjer og fullmakter på kulturområdet i 2014

Samandrag

Slik det har vore vanleg i starten av eit nytt år, legg fylkesrådmannen fram ei sak om fordeling av tilskot og avsetjingar til ein del årvisse tiltak.

Det vil seia at det vert gjort framlegg om delegasjon av midlar, retningslinjer og vurderingskriteria innan ulike felt som t.d. internasjonalt arbeid, kulturminne, vaksenopplæring og idrett og friluftsliv.

I tillegg vert det i denne saka handsama føringar for bruken av Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto.

Det vert lagt fram eigne saker om fordelingane/retningslinjene for Prosjekt Bryggen og andre tilskotsordningar knytt til kulturminnefeltet.

Informasjon og søknadsskjema om søknadsordningar innan kultur-, idretts- og friluftsfeltet ligg tilgjengeleg på www.hordaland.no. Dette er ein oversikt der fylkeskommunale søknadsordningar er lista opp og presentert etter same mal, med link under fana «tenester» på framsida til Hordaland fylkeskommune.

I samband med arbeidet med regional kulturplan vil fylkesrådmannen gjennomgå tilskotsordningane.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto skal i regelen sjåast i samanheng med andre stønadsordningar og tidsfristar, og skal nyttast til regionale føremål i tråd med fylkeskommunens overordna målsettingar på kulturområdet.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele/disponere tilskota i følgjande postar:
Post 400.720:
Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff 149 000 kroner
Kulturavtale Basse Normandie 206 000 kroner
Internasjonalt kultursamarbeid 371 000 kroner
3. Kultur- og ressursutvalet slutter seg til dei framlagte kriteria for tildeling av midlar til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar.

4. Kultur- og ressursutvalet slutter seg til retningslinjer og vurderingskriteria for tilskotsordningane Ålmenne kulturføremål og Kulturtiltak for barn og unge slik dei er framlagt i saksframlegget.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordela midlar til vaksenopplæring etter vedtekne retningslinjer og innanfor dei budsjetttrammer som fylkestinget har godkjent i fylkeskommunen sitt årsbudsjett.
6. Frå post 400.620 Ålmenne kulturvernføremål får fylkesrådmannen fullmakt til å fordele 217 000 kroner til utarbeiding av eit forprosjekt som skal undersøke korleis Museum Vest og Bymuseet i Bergen kan ta ansvar for eit verdsarvsenter for verdsavstaden Bryggen.
7. Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til retningslinjene for tildeling av midlar til handlingsdelen i fylkesdelplan for kulturminne og fordeler til følgjande tiltak (400.735):
 - Forvaltning og formidling av automatisk freda kulturminne 100 000 kroner
 - Musea som støttespelarar i kunnskapsoverføring og formidling av tradisjonshandverk 100 000 kroner
 - Satsing på auka kulturminnekompetanse i kommunane 200 000 kronerTil saman 400 000 kroner
8. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele/disponere tilskota innan idrett og friluftsliv i følgjande postar 400.410, 400.420 og 400.450:

Post 400.410:

1. Fylkespremiar

Post 400.420:

1. «Realisering av fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv», 225 000 kroner, vert nytta til tilskot til merking og gradering av turstiar.
2. Opne idrettsanlegg for barn og ungdom 175 000 kroner.
3. Støtte til regionale arrangement for personar knytta til psykisk helsevern, personar med nedsett funksjonsevne og eldre. I tillegg vert 100 000 kroner, som Hordaland fylkeskommune årleg får tilført etter søknad til Helse Bergen, nytta til å styrke arbeidet med unge innan psykisk helsevern. Totalt 320 000 kroner.
4. Kulturdepartementet tildeler årleg, på basis av søknad og rapportering, 50 000 kroner til utviklingsarbeid i fylkeskommunane. Desse midlane skal nyttast til kurs og kompetansetiltak ovafor kommunane.
5. Inkluderingsprosjektet "Aktiv saman" 400 000 kroner.

Post 400.450:

1. Tilskot til merking og gradering av turstiar 661 000 kroner, i tillegg til tildelte midlar frå Gjensidigestiftelsen (melding om tildeling for 2014 innan 1. februar)
 1. Lokale tiltak for fysisk aktivitet og friluftsliv 400 000 kroner.
 2. Tilskot til friluftslivsaktivitet (Kap. 1420 post 78) (melding frå Miljødirektoratet om tildeling for 2014 innan 1. april).
 3. Tilskot til tiltak i friluftsområde (Kap. 1420 post 78) (melding frå Miljødirektoratet om tildeling for 2014 innan 1. april).

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.01.2014

1. RÅDVELDEPOSTEN (400.760)

Post 400.760 "Til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet" vert i regelen å sjå i samanheng med andre stønadsordningar og i hovudsak fordelt etter søknadsfristane 1. mars og 15. september. Dette vil m.a. gjere det mogleg å sjå sakene i perspektiv og samanheng og dermed gje høve til å vurdere søknadane meir heilskapleg. Det vil likevel vera aktuelt å kunna vedta nokre fordelingar frå denne posten gjennom året, uavhengig av søknadsfristane. For 2014 står 1 235 000 kroner på denne posten.

2. FULLMAKTER TIL Å DISPONERE OG DELEGERE DIV. POSTAR

Som tidlegare år legg Fylkesrådmannen fram innstilling om at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele tilskota i følgjande postar:

Post 400.720:

- Internasjonalt kultursamarbeid (371 000 kroner for 2014)
- Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff (149 000 kroner for 2014)
- Kulturavtale Basse-Normandie (206 000 kroner 2014)

Hordaland fylkeskommune har samarbeid med ulike regionar i Europa – Orknøyane og Edinburgh i Skottland, Cardiff-området i Wales, Kaunas i Litauen og Nedre Normandie i Frankrike. Desse avtalane har ulike premiss, ulikt fokus og aktivitetsnivå. Posten internasjonalt kultursamarbeid skal i hovudsak gå til prosjekt og tiltak knytt til desse. Alle dei tre ovanneomnde postane går til aktivitetar og prosjekt initiert av HFK, men i enkelte tilfelle vert det også gjeve tilskot til andre aktørar som har tiltak/prosjekt knytt til våre samarbeids-/venskapsregionar.

”Kultursamarbeid Basse-Normandie” vert brukt til oppfylging av våre forpliktingar om kultursamarbeid i samband med avtale med regionen Nedre Normandie og ny handlingsplan som vart underskrive i november 2012. Kulturfeltet er svært viktig i denne avtalen, Etter at kontakten med fylkeskommunen sin samarbeidsregion Basse-Normandie vart revitalisert i 2009, har det vore fleire konkrete samarbeidstiltak mellom regionane. Gjennom desse åra har ein stor del av samarbeidet vore knytt til den tverrestetiske festivalen Les Boreales som har fokus på nordisk kultur, m.a. gjennom at HFK har gitt støtte til deltaking frå hordalandskunstnarar gjennom merkelappen «Made in Hordaland». Elles vil det i 2014 utarbeidast ein norsk versjon av det fransk-norske utstillingsprosjektet Meetingpoint Wood som frå november 2011 har turnert på musea i Basse-Normandie. Museum Vest er også i startfasen for eit samarbeidsprosjekt saman med franske museumspartnarar som er knytt til kulturminne frå 2.verdskrigen; «I skuggen av Atlanterhavsvollen», der ein spesielt legg vekt på følgjene for sivilbefolkninga. Der er også etablert kontaktar for kunstnarutveksling mellom Hordaland og Basse-Normandie. Det vert langt stor vekt på å kople kulturaktørar på ulike felt i dei to regionane/fylka og å stimulere potensielle samarbeid.

Samarbeidet med Skottland/Edinburgh og Orknøyane er opptrappa og vidareutvikla, politisk og fagleg. Spesielt innan kulturminnefeltet og bibliotek er det utvikla fagleg samarbeid det siste året, men også innan kunst- og kulturproduksjon vert det no utvikla eit systematisk samarbeid. Det ligg potensiale for felles prosjekt innan alle fagområda på kultur, idrett og friluftsliv. Ei systematisk vidareutvikling av samarbeidet med Basse-Normandie og Skottland/Edinburgh/Orknøyane vil løyse ut behov for større løyvingar enn tidlegare.

Posten ”Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff” går til advents/juleprosjekt med juletretenning på Orknøyane, i Edinburgh og Cardiff. Kultur- og idrettsavdelinga legg opp turne på skulane på Orknøyane i tillegg til konsertar, mellom anna i St.Magnuskatedralen i Kirkwall. I Edinburgh og Cardiff vert det arrangert adventskonsert i samarbeid med lokale mynde i samband med tenning av juletre som gåve frå Hordaland.

3. FORDELING AV DRIFTSTILSKOT – DRIFT AV FYLKESFEMNANDE BARNE- OG UNGDOMSORGANISASJONAR

Ansvaret for saksførebuinga ligg til Kultur- og idrettsavdelinga. Hordaland barne- og ungdomsråd (HBUR) bidrar til opplysning av saka i førebuingssfasen, jfr. forvaltningslova §17. HBUR har lang erfaring og høg kompetanse på feltet. I sak 12/11 frå møtet 22.02.2011 vart HBUR si rolle framstilt som følgjer:

1. Søknadar til ordninga vert sendt til fylkeskommunen v/Kultur- og idrettsavdelinga innan 1. mars 2011.
2. Kopi av søknadane vert oversendt til HBUR som - innan eigen organisasjon og egne vedtekter - utgreier og handsamar sakane i samsvar med retningslinjene frå fylkeskommunen. Etter at styre har ferdighandsama sakane vert ei skriftleg innstilling med grunngjeve forslag til fordeling oversendt fylkeskommunen ved Kultur- og idrettsavdelinga.
3. Fylkesrådmannen legg frem saka for Kultur- og ressursutvalet som fattar endeleg vedtak i saka.
4. Kultur- og idrettsavdelinga gjennomfører utbetaling av tilskota.
5. Kultur- og idrettsavdelinga gjennomfører kontroll med ordninga i samarbeid med HBUR.

Denne saksgangen vert gjeldande for 2014.

For åra 2011-2013 har administrasjonstilskotet på 10% av tildelinga vore overført som del av driftstilskotet til HBUR. Fylkesrådmannen tilrår at 10% av tildelinga vert overført som del av driftstilskotet for 2014.

For 2014 er det 1 536 000 kroner til rådvelde. Retningslinene er uendra frå tidlegare år.

Lokallag eller distriktsorganisasjonar som er tilslutta fylkeslag kjem ikkje inn under ordninga. Det er utarbeidd eiga rettleiing til organisasjonane. Hovudprinsippet er at staten skal stø organisasjonar og tiltak på nasjonalt plan, fylkeskommunane på fylkes- eller regionalt nivå, medan kommunane har ansvaret for lokallag og lokale tiltak.

For å vera kvalifisert til stønad må organisasjonane stetta følgjande grunnkrav:

- Ha lokallag i minst 3 kommunar i Hordaland fylke.
- Ha minst 50 medlemmer totalt i Hordaland fylke, med rett til stønad.

Den totale summen for driftstilskot til frivillige organisasjonar for barn og unge vert delt i følgjande tre "pottar" :

1. Grunntilskot, likt for alle organisasjonar: 20%
2. Hovudstønad, stønad pr. medlem under 26 år: 30%
3. Fri Pott til skjønsmessig fordeling: 50%

For punkt 3. «Fri pott» tilrår Fylkesrådmannen at følgjande kriterier vert vektlagt i vurderinga:

- Tal på lokallag
- Aktivitet i organisasjonen
- Organisasjonens opne verksemd overfor ikkje-medlemer
- Samarbeid organisasjonane mellom
- Nytenking
- Kostnader med arrangement.
- Kostnad med å vera medlem
- Eigeninnsats frå styret i organisasjonen og medlemmene (inkl. foreldre/føresette)
- Tal på arrangement - for kven og kva.
- Organisasjonens økonomiske stilling.
- Dokumenterte utgifter til instruktørar etc.

4.TILSKOTSORDNINGA TILSKOT TIL ÅLMENNE KULTURFØREMÅL OG TILSKOT TIL KULTURTILTAK FOR BARN OG UNGE (AKTIVITETSSTØNAD):

Desse to ordningane, saman med Kulturelt utviklingsprogram, er dei ordningane som er mest relevante for eit breitt spekter av kulturaktørar i fylket å søkje på. Ålmenne kulturføremål og Kulturtiltak for barn og unge har same retningslinjer og vurderingskriterier. Dette femner eit stort og aktivt felt, både innan kulturminne og samtidskultur- og kunst, både frivillig og profesjonell verksemd. Søknadsfrist er 1. mars og 15. september, og søknadane vert lagt fram for Kultur- og ressursutvalet.

Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar. Lokale kulturtiltak må såleis finansierast av vedkomande kommune e.l.. Organisasjonar, foreiningar og lag må ha organisasjonsnummer for å kunne søkje. Privatpersonar kan søkje tilskot eventuelt på vegner av ei gruppe. Då vert det stilt krav om at fødselsnummer vert oppgjeve i søknaden.

Totalløyvinga i ordninga Ålmenne kulturføremål på 1 000 000 kroner vert fordelt ved tildeling vår og haust. Vanlegvis ligg tilskota mellom 8 000 og 30 000 kroner. I ordninga Kulturtiltak for barn og unge er totalløyvinga 500 000 kroner, og enkeltløyvingane ligg stort sett mellom 5 000 og 25 000 kroner.

Retningslinjer:

1. Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar. Løyvingane skal difor gå til tiltak/prosjekt i Hordaland som er av ein slik art at det har regional interesse og/eller nedslagsfelt. Dette kan t.d. vere pilotprosjekt som vil ha overføringsverdi til andre.

2. Stønaden skal gå til prosjekt og tiltak.

3. Det vert ikkje gjeve tilskot til følgjande:

a) ordinær drift

b) investeringar i bygg og anlegg

c) utanlandsreiser

Unntak kan vere deltaking i internasjonale tevlingar, m.m. etter kvalifisering eller samarbeidsprosjekt knytt til våre samarbeidsregionar.

d) CD-produksjonar og litteratur

Unntak kan vere når målet er dokumentasjon med kulturhistorisk verdi.

e) tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale institusjonar - t.d. vidaregåande skular

f) humanitære tiltak i regi av interessepolitiske organisasjonar utan kulturfagleg innhald/kulturelt føremål

g) aktivitetar i regi av barne- og ungdomsorganisasjonar som får driftstilskot frå HFK. Unntak her kan vere fellestiltak mellom fleire organisasjonar

I tillegg vert det gitt følgjande informasjon:

Vurdering av søknader:

Det vert lagt vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølge):

- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- Om tiltaket kan kopl saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- Dokumentarisk verdi
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger

Anna:

- Det er høve til å søkje støtte under denne ordninga til både profesjonelle kulturtiltak og frivillige aktivitetar.

- Det vert vanlegvis innvilga stønad i storleik 5 000 – 25 000 kroner (Barn og unge)/8 000 – 30 000 kroner (ålmenne) i denne ordninga. Til ålmenne kulturføremål 2014 er det sett av 1 000 000 kroner som vert fordelt ved tildeling vår og haust. Til kulturtiltak for barn og unge er det sett av 500 000 kroner.

-Det vert lagt vekt på at søkjar har eit gjennomførbart og realistisk budsjett, og søknad kan verte avslått om søknadssum er svært mykje høgare enn dei løyvingane som vanlegvis vert innvilga i desse ordningane. Det har vore praksis å avslå søknader der ein ikkje finn rom til å innvilge minst 1/3 av søknadssum. Det er imidlertid fint om søkjar legg fram alternativ finansieringsplan/skalert budsjett.

- I denne ordninga vert søkar oppmoda om å søke elektronisk.

- Om det vert søkt om støtte til kunstnarlege produksjonar, er det eit føremon at det ligg ved/vert referert til enkel

dokumentasjon (lydspor, bilete, link til heimeside el.)

5. VAKSENOPPLÆRING – Post 400.730

Hordaland fylkeskommune har sidan 1978 gjeve tilskot til studieforbund som organiserer vaksenopplæringstiltak. Fylkesutvalet vedtok i 2005 retningslinjer for administrasjonstilskot til vaksenopplæringstiltak. Tilskotet vert utrekna etter timetalet for to år sidan ut i frå statistikken til Statistisk Sentralbyrå. Hordaland fylkeskommune vil utbetala stønad til godkjende studieforbund som har dokumentert vaksenopplæringsaktivitet i Hordaland. Stønad til vaksenopplæringstiltak (grunntilskot og administrasjonstilskot) vert etter retningslinjene utbetalt til det studieforbundet organisasjonane er med i.

Utgangspunktet er ”Forskrifter gitt i medhold av Lov av 28. mai 1976 nr 35 om vaksenopplæring”. Fylkesrådmannen tilrår at det som tidlegare vert gitt administrativ fullmakt til å fordela midlane etter vedtekte retningslinjer og innanfor dei budsjetttrammer som fylkestinget har godkjent i fylkeskommunen sitt årsbudsjett. Eit studieforbund må vera godkjent av Undervisnings og Forskingsdepartementet (UFD) og ha dokumentert vaksenopplæringsaktivitet i Hordaland.

- SSB-registrerte, godkjende studietimar i Hordaland vert lagt til grunn for utrekning av aktivitetstilskotet.
- Grunntilskotet er på 4 000 kroner. Det vert berre gitt grunntilskot til studieforbund som har SSB-registrert minst 500 studietimar i Hordaland.
- Det vert nytta talmateriale 2 år før utbetalingsåret slik at utbetaling kan finna stad tidleg på året.
- Administrasjonstilskotet er 2-delt og vert fordelt til dei studieforbunda som kjem inn under vilkåra.
- a) Grunntilskotet er på kr 4 000 kroner for kvart studieforbund
- b) Aktivitetstilskotet vert fordelt etter studieforbundet sine SSB-registrerte, godkjende studietimar 2 år før utbetalingsåret. Minstesum for utbetaling av aktivitetstilskot vert sett til 500 kroner.

6. FYLKESDELPLAN FOR KULTURMINNE

Hordaland fylkeskommune er regional kulturminnestyresmakt med mynde etter Kulturminnelova og Plan- og bygningslova. Økonomiske verkemiddel og forvaltning av tilskot er viktig for å gjennomføre den regionale politikken på feltet. Fylkesdelplan for kulturminne, vedteken av Fylkestinget 10.06.99, er retningsgjevande.

Det overordna mål for fylkesdelplan for kulturminne er å forvalta kulturarven i Hordaland, slik at ein sikrar ei berekraftig utvikling, og at kulturminne og kulturmiljø vert verna som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida. Planen er delt inn i tre tema, vern av kulturminne og kulturmiljø, kulturminne som ein integrert del av ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning, og formidling av kunnskap knytt til kulturminne og kulturmiljø. Eigen budsjettpost følgjer handlingsplanen til fylkesdelplan for kulturminne, og fleire av tiltaka er følgde opp og sett i arbeid.

I samband med pågåande arbeid med ein ny Kulturplan som skal erstatte fylkesdelplan for kulturminne er det sett endå større fokus på å styrka kulturminnekompetansen i kommunane og musea si rolle med formidling av kunnskap knytt til kulturminne og kulturmiljø.

I samsvar med mål for fylkesdelplan for kulturminne og auka fokus på kommunane og musea si rolle innan kulturminneforvaltning rår Fylkesrådmannen til at midlar frå budsjettpost knytt til handlingsplan til fylkesdelplan for kulturminne vert nytta til å styrke forvaltning av automatisk freda kulturminne og musea som støttespelarar i kunnskapsoverføring og formidling av tradisjonshandverk. I tillegg er det viktig å styrke satsinga for å auka kulturminnekompetanse i kommunane.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om slik fordeling:

- Forvaltning og formidling av automatisk freda kulturminne 100 000 kroner.
- Musea som støttespelarar i kunnskapsoverføring og formidling av tradisjonshandverk 100 000 kroner.
- Satsing på auke kulturminnekompetanse i kommunane 200 000 kroner.

Til saman 400 000 kroner.

7. FULLMAKTER TIL Å DISPONERE MIDLAR UNDER ÅLMENNE KULTURVERNFORMÅL

I post 400.620 Ålmenne kulturvernforemål er det for 2014 sett av totalt 3,33 millionar kroner. Av dette totalbeløpet er 217 000 kroner,- sett av til underposten «Verdsarvstaden Bryggen». (I budsjetta for 2013 og 2014 er underposten ved ein inkurie omtala som «Prosjekt Bryggen», dette vil bli retta opp.)

Midlane til underposten «Verdsarvstaden Bryggen» har dei siste åra vore nytta til formidlingstiltak, som til dømes til utvikling av digitale virkemiddel for å formidle verdsarvstaden. Til det sist nemnde tiltaket er det er det gitt tilskot til Bymuseet i Bergen og Museum Vest.

I den siste Stortingsmeldinga om kulturminnepolitikken, våren 2013, blir det peika på at det er ønskeleg med verdsarvsentra for kvar verdsarvstad. I fylkeskommunen si fråsegn til Miljøverndepartementet i 2012 har fylkeskommunen støtta dette, og peika på at eit verdsarvsenter gjerne kan vere del av ein allereie etablert institusjon.

Fylkesrådmannen rår til at ein i 2014 nyttar midlane frå underposten «Verdsarvstaden Bryggen» til å gjennomføre eit forprosjekt der ein i tråd med Regional plan for museum undersøker korleis Museum vest og Bymuseet i Bergen kan ta ansvar for eit verdsarvsenter for verdsarvstaden Bryggen.

Midlar til forprosjektet vert også sett av frå Handlingsdelen til museumsplanen, sjå eiga sak.

8 . FULLMAKT TIL Å DELEGERE/DISPONERE POSTAR INNAN IDRETT OG FRILUFTSLIV

Post 400.410

1. Fylkespremiar

Arrangement i regi av Norges Idrettsforbund, Det frivillige skyttarvesen og/eller underliggjande organisasjonsledd kan søke Hordaland fylkeskommune om premiering til nasjonale og internasjonale meisterskap på seniornivå og til yngre klassar. Premiane er sølvpokal, tinnfat og kunstverk med idrettsmotiv. Det kan søkast om fylkespremiar gjennom heile året. Fylkesrådmannen tilrår at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele fylkespremiar.

2. Opne idrettsanlegg for barn og ungdom

Kommunar i samarbeid med idrettsråd kan søke om støtte til oppstart av opne idrettsanlegg for barn og unge. Ei eiga brosjyre med gode modellar er utarbeidd: www.hordaland.no/idrett. Det vert løyvd inntil 40 000 kroner til dette lokale arbeidet. Det er krav om 50% eigenfinansiering og at tiltaket har eit langsiktig perspektiv. Støtte til vidareutvikling av eksisterande tilbod kan vurderast. Det er fortløpande sakshandsaming av søknadar. Fylkesrådmannen tilrår at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele dette tilskotet.

Post 400.420

1. Realisering av fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

For 2014 vert desse midlane nytta for å styrke eigenandelen knytta til merking og gradering av turløyper. Gjensidigestiftelsen stiller krav om 50% fylkeskommunal/kommunal eigendel, og eit forpliktande samarbeid med kommune og frivillig sektor. Det er tiltak i 30 kommunar i Hordaland. I 2013 var det godkjend søknadssum på 3,8 mill kroner og 2 108 000 kroner til fordeling. Eg tilrår at Kultur- og ressursutvalet gjev fullmakt til å fordele desse midlane saman med øvrige midlar til føremålet under post 400.450.

2. Støtte til regionale arrangement for personar innan psykisk helsevern, personar med nedsett funksjonsevne og eldre

Som del av arbeidet med folkehelse har Hordaland fylkeskommune endra si rolle i høve gjennomføringa av ulike arrangement for personar innan psykisk helsevern, personar med nedsett funksjonsevne og eldre. Fylkeskommunen bidreg med kompetanse og midlar til lokale partnerar som tilrettelegg for regionale arrangement. I tillegg vert 100 000 kroner, som Hordaland fylkeskommune årleg (etter søknad) får tilført frå Helse Bergen, nytta til å styrke arbeidet med unge innan psykisk helsevern. Fylkesrådmannen tilrår at følgjande arrangement får tildelt inntil kr:

- Vinteraktivitetsdag på Sjusete for utviklingshemma, Kvam herad 35 000 kroner.
- Vinterfestival på Golsfjellet for funksjonshemma, Hordaland idrettskrets 35 000 kroner.
- Camp Herdla for psykiatrien i Hordaland, Askøy kommune 50 000 kroner.
- 3-fjellsturen for personar innan psykisk helsevern, Bergen Turlag 50 000 kroner.

Det er inngått ein samarbeidsavtale med Amalie Skrams hus for perioden 2011-2015 om planlegging og gjennomføring av tre arrangement for personar innan psykisk helsevern . Samarbeidsavtalen skal årleg evaluerast. Amalie Skrams hus får overført 72 000 kroner for dette arbeidet i 2014. Vinterfestivalen for psykiatrien vert gjennomført i Myrkdalen i Voss kommune i samarbeid med kommunen, folkehøgskulen, Vg.skular, Oasen DPS, Høgskulen i Bergen og Amalie Skrams hus. Det vert arbeidd med å tilretteleggje for nye arrangement i samarbeid med andre kommunar og deira lokale samarbeidspartnarar.

Markering av aktivitetar på eldredagen skal implementerast som del av arbeidet i partnerskapskommunane i tett samarbeid med eldrerådet og andre aktuelle samarbeidspartar. Dette gjeld også tilbod om motivasjonsseminar om fysisk aktivitetar for eldre. Fylkesrådmannen tilrår at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele desse tilskota.

Aktiv saman 2011-2017 – eit samarbeidsprosjekt mellom Hordaland fylkeskommune, kommunane Bergen, Askøy, Fjell og Samnanger, Hordaland idrettskrets, Bergen Turlag, Bergen og Omland friluftsråd og Way Forward. Samarbeidet omfattar kartlegging, nettverksbygging, kompetanseutvikling, informasjon og aktivisering for å skape ein meir aktiv kvar dag for fleirkulturelle born og unge i Hordaland. Modellen har overføringsverdi til andre områder t.d. kultur. Prosjektet er finansiert av midlar frå fylkeskommunen, dei andre partane og staten. Det er ei styringsgruppe med representantar frå dei ulike partnarane. Fylkesrådmannen tilrår at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele desse tilskota.

Kulturdepartementet tildeler årleg, på basis av søknad og rapportering, 50 000 kroner til utviklingsarbeid i fylkeskommunane. Desse midlane vert nytta til kompetansetiltak ovanfor kommunane, som t.d. dialogkonferanse og ulike kurs. Fylkesrådmannen tilrår at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å disponere desse statlege midlane i samanheng med fylkeskommunale midlar sett av til desse føremåla.

Øvrige tilgjengelege midlar på post 400.420 vert nytta til delfinansiering av tiltak for å realisere fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012, i samarbeid med kommunar og/el frivillige organisasjonar. Fylkesrådmannen tilrår at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele desse tilskota.

Post 400.450:

1. Tilskot til merking og gradering av turstiar

Vestlandsprosjekt knytt til gradering og merking av turløyper er utvida til eit nasjonalt prosjekt og vidareført i 2014. Føremålet er å implementere ein felles skiltmal for merking og gradering av turløyper. Frivillige organisasjonar, kommunar, destinasjonar og større geografiske områder kan søke. I Hordaland er det ei tildelingsgruppe med representantar frå Bergen Turlag, Bergen og Omland Friluftsråd, Turistinformasjonen i Kvinnherad kommune/ Samarbeidsrådet for Sunnhordland, kultursjef i Askøy kommune og seksjon idrett og friluftsliv i Hordaland fylkeskommune. Søknadane vert vurdert i samanheng med statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar til friluftsliv og folkehelse. Søknadsfrist for 2014 er 15. februar, og innan 1. april skal søkar verte underretta om fordelinga. Såleis tilrår Fylkesrådmannen at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å forvalte tilgjengelege ressursar til merking og gradering av turstiar i 2014 i samråd med tildelingsgruppa.

2. Lokale tiltak for fysisk aktivitet og friluftsliv

Føremålet er å fremja lokale tiltak som sikrar grunnlaget for allemannsretten og som legg til rette for det enkle friluftslivet. Midlar skal gå til friluftslivstiltak som tek sikte på å fremje sunne levemåtar, styrkje gode levekår og å minske sosiale helseskilnader mellom folk i Hordaland. Tiltak retta mot personar med funksjonshemming vert prioritert. Frivillige lag, organisasjonar, kommunar, grendalag, velforeiningar kan søke. Fristen er 15. februar og søkar skal få svar innan 1. mai. Tildelinga vert samordna med øvrige fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan folkehelse og friluftsliv.

Gode prosjekt vert støtta med tilskot frå 5 000 til 40 000 kroner. Fylkesrådmannen tilrår at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele dette tilskotet.

3. Tilskot til friluftslivsaktivitet (Kap. 1420 post 78)

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga. Organiserte turar, friluftslivar, kurs og opplæring, utstyr og materiell er døme på kva som kan støttast. Barn, unge, personar med funksjonshemming og etniske minoritetar skal prioriterast. Lokale lag og

organisasjonar, dei regionale nettverka "Forum for natur og friluftsliv", Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) og ev. andre samskipnader av landsdekkjande frivillige organisasjonar med friluftsliv som arbeidsområde kan søke. Det vert gjeve støtte på 5 000 til 40 000 kroner.

Søknadsfrist er 1. februar, og søkjarar skal informerast om utfallet av søknaden innan 1. mai. Hordaland fylkeskommune har fått utsett frist frå Miljødirektoratet for å kunne samordne denne tilskotsordninga med øvrige fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar. I 2013 fekk vi 400 000 kroner til fordeling på denne posten. Innan 1. april får vi melding frå Miljødirektoratet om tildeling for 2014. Fylkesrådmannen tilrår at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele dette tilskotet.

4. Midlar til tiltak i friluftsområde (Kap. 1420 post 78)

Målet med ordninga er å medverke til naturvennleg fysisk tilrettelegging og skjøtsel i statleg sikra friluftsområde slik at områda blir tilgjengelege og attraktive. Midlane kan nyttast til opparbeiding av friluftsområder, tilrettelegging og skjøtsel. Aktuelle tiltak er t.d. informasjonstavler, opparbeiding av adkomstveg, parkeringsplass og turstiar/turvegar, toalett, universell utforming, badeplassar, tilrettelegging for fritidsfiske og formidling av kulturminne. Berre kommunar og friluftsråd kan søke. Det skal vere utarbeidd forvaltningsplan for friluftsområdet. Denne planen skal vere godkjendte av fylkesmannen. Dei seinare åra har det i hovudsak vore to søkjarar, Bergen og Omland Friluftsråd og Friluftsrådet Vest. Hordaland fylkeskommune har følgd deira prioritering i høve til kva friluftsområde som får tilskot. Søknadsfrist er 1. februar, og søkjarar skal informerast om utfallet av søknaden innan 1. mai.

Hordaland fylkeskommune har fått utsett frist frå Miljødirektoratet for å kunne samordne denne tilskotsordninga med øvrige fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar. I 2013 fekk fylkeskommunen 3 mill kroner til fordeling på denne posten. Innan 1. april får vi melding frå Miljødirektoratet om tildeling for 2014. Fylkesrådmannen tilrår at Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele dette tilskotet.